

Kirsten Marie Husebø
Sætrevikvegen 41
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6915 - 21/58615

Saksbehandlar:
Kjell Rune Standal
kjell.rune.standal@alver.kommune.no

Dato:
06.09.2021

Samanslåing mellom gbnr 357/79 og 357/92, mottatt mangelfult krav om samanslåing

Krav om samanslåing mellom nemnde eigedomar er motteke hjå Alver kommune den 10.08 2021. Me har gått igjennom saka og har funne at den har følgjande manglar som de må retta for at saka skal kunna gjennomførast.

- Det er ulike eigarar på eigedomane. Det må ordnast med skøyte slik at eigedomane har same eigar

Frist for retting:

Manglane må rettast innan 15.10.2021. Alver kommune handsamar ikkje saka før manglane er retta, jf. forvaltningslova, § 11, matrikkellova § 22 og matrikkelforskrifta § 6. Er manglane ikkje retta innan fristen vil saka verta avslutta og arkivert utan vidare handsaming, med varsel til aktuelle partar.

Ønskjer de å gjennomføra ei sak som er avslutta?

Vert saka avslutta kan ein likevel søkja om samanslåing på nytt. Skjemaet krav om samanslåing må vera utfyllt med navn og personnummer på eigarane av eigedomane. Det må ikkje vera motstridande pant/hefte på eigedomane og det må vere same eigarar.

Vedlegg til dette brevet:

Vedlagt er grunnboksutskrift for eigedomane.

Kontaktinformasjon:

Ved vidare kontakt i denne saka, ver venleg å referer til saksnummer 21/6915. For evt. spørsmål ta kontakt med sakshandsamar på telefon 97603544 eller e-post kjell.rune.standal@alver.kommune.no

Kommunen sin saksbehandlingsfrist:

Tidsfrist for saksbehandling går fram av matrikkelforskrifta § 19. Kommunen skal matrikkelføra samanslåinga innan seks veker. Fristen vert rekna frå fullstendig krav om samanslåing er motteke til matrikkelbrev er sendt ut

Utfyllende informasjon og rettleiing om manglar:

Ulike eigarar på eigedomane som skal samanslåast:

Tinglysingstelefon 32118000 gjev rettleiing på utfylling av skøyte.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjell Rune Standal
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20210906-4631-357_1_0_0
20210906-4631-357_4_0_0
20210906-4631-357_79_0_0
sammendrag
20210906-4631-357_1_0_0
20210906-4631-357_7_0_0
20210906-4631-357_92_0_0
sammendrag

Mottakarar:

Kirsten Marie Husebø
Svein Magnar Husebø

Sætrevikvegen 41
Sætrevikvegen 41

5917 ROSSLAND
5917 ROSSLAND